

Gratulerer med det nye barnet!  
Velkommen til dåp.



DEN NORSKE KYRKJA  
Kyrkja i Fræna

Fylt av glede over livets under,  
med et nyfødt barn i våre hender,  
kommer vi til deg som gav oss livet.

Større rikdom enn hva ord kan romme,  
har du gitt oss gjennom dåpens gave.  
Herre, la vår tro bli fylt av glede

Svein Ellingsen



Kjære foreldre.

Gratulerer med barnet! Vi i kyrkja vil gjerne dele gleden over barnet med dykk gjennom dåp.

Dåpen er ei ja-handling. Gud seier ja. Heilt frå første dag har Gud sagt ja til barnet dykkar. Gud elsker alle, alltid. De seier ja. Ved døypefonten svarar de ja til at den vesle skal høyre til kyrkja og vekse opp med den kristne trua. Gjennom dåpen blir barnet medlem i den norske kyrkje, og får del i kyrkja si trusopplæring.

Dåpen er starten på eit livslangt fellesskap med Gud – og med kristne over heile verda. Små barn vel ikkje anna enn det foreldra vel for dei – anten det eine eller det andre –, og for å oppleve kva tru er, treng dei hjelp med det. Etter kvart som barnet veks, må trua få modnast i takt med barnet.

Er de usikre på om de skal velge dåp? Prestane våre stiller gjerne til samtale om det er ting de lurer på før de avgjer om de ønskjer dåp.

For å gjere avtale om dåp kan de når som helst gå inn på heimesidene våre: [www.frana.kyrkja.no](http://www.frana.kyrkja.no) - her kan de sjølve finne kva søndagar det er gudstenester med dåp og melde barnet til dåp. Får de problem, eller heller vil snakke med oss direkte kan de ringe kyrkjekontoret på nr 71 26 66 70. Opningstidene våre er tirsdag 12-15, onsdag og torsdag 10-15. De kan og ta kontakt på e-post: [kyrkjekontoret@frana.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@frana.kommune.no)

Til dåpen skal de òg velje fadrar til barnet. Desse får eit særleg ansvar for å vise omsorg for barnet og lære barnet om den kristne trua. Fadrane skal vere over 15 år og vere medlem av Den norske kyrkje eller eit anna kyrkjesamfunn som ikkje forkastar barkedåp. De må ha minst to fadrar.

Før dåpen tek presten som skal ha gudstenesta kontakt for å avtale dåpssamtale. I dåpssamtalen blir de litt kjende, går gjennom det praktiske med dåpshandlinga, snakkar om kva dåp er, og de får informasjon om kva kyrkja tilbyr av trusopplæring til barna.

Helsing prestane og kateketen i Fræna



Kyrkja i Fræna  
Bøen 7  
6440 Elnesvågen

[www.frana.kyrkja.no](http://www.frana.kyrkja.no)